



Om lag 60 skiløparar deltok på KM i stafett.

Uskedal IL var godt representert då Kvinnheradsmeisterskapet i stafett vart arrangert under flotte forhold i Fjellhaugen skisenter torsdag kveld. Av totalt 19 lag var Uskedal IL største klubb med 7 lag. IL Ternen stilte også sterkt med 6 lag, og i tillegg var Rosendal TL og Omvikdalen IL representert med to lag kvar.



Sterkt lag, Silje, Emma og Saima. Dei hadde nok vunne også med hardare konkurranse!

Meisterskapen skulle vore arrangert tidlegare, men då måtte arrangørane Omvikdalen avlysa på grunn av for mykje vatn. Torsdag var det imidlertid flotte forhold med gode løyper. Dermed låg alt godt til rette for den årvisse bygdekampen i skisportet. Og det vart ein triveleg kveld med OIL som ein stødig og god arrangør.

Det vart kåra 6 kvinnheradsmeistrar, 3 frå Ternen, 2 frå UIL og 1 frå OIL.

Resultat, lagoppstillingar og fleire bilde finn de ved å klikka inn på [UIL si heimeside HER](#).



Fornøgde stafettløparar. UIL sitt lag ved Sigrì, Linnea og Karoline tok sølv.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel